



Bo Pierre Christian Magnusson
Hodnesdalsvegen 76
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8646 - 22/40929

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
30.05.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 195/3 Leiknes

Tiltak: Driftsbygning/maskinhall
Byggjestad: Gbnr: 195/3
Tiltakshavar: Bo Pierre Christian Magnusson

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om oppføring av driftsbygning/maskinhall på eigedomen gbnr. 195/3 den 07.10.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF
Eigedomen gbnr 195/3 er i kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2031 avsett til LNF-føremål. I LNF-områda kan det berre etablerast nødvendige tiltak knytt til landbruket og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag. Vi kan ikkje sjå av kommunen sitt arkiv at gardsbruket ditt har aktiv drift og det vil derfor vera nødvendig å søkja om dispensasjon frå arealføremålet for å føra opp ny driftsbygning slik planlagt.

Dispensasjon krev skriftleg grunngitt søknad. Meir informasjon finn du på kommunen sine heimesider, sjå her: <https://alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/nabovarsel/>

2. Kart og teikningar
Mottatt situasjonsplan har ikkje nødvendig kvalitet. Vi har lagt ved nytt kart som du kan nytta. Du må føra på situasjonsplanen ytre hovudmål, avstand til nabogrense og avstand til næraste bygg. Bygget si høgdeplassering må gjevast opp ved kotehøgde, t.d. på topp grunnmur. Du må også leggja ved terrengprofil som viser eksisterande og nytt terreng. Terrenglinjer kan teiknast inn på fasadeteikningane.
3. Det må gjerast greie for om bygget skal ha innlagt vatn og tilkomst til bygget.

4. Bygget skal plasserast på areal som i NIBIO sitt gardskart er klassifisert som innmarksbeite. Plassering av ny driftsbygning på arealet kan krevja jordlovsbehandling.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **01.07.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart gbnr 195-3
18.+Dispensasjon+-+rev+desember+2017 (2)

Mottakarar:

Bo Pierre Christian Magnusson

Hodnesdalsvegen 76

5915

HJELMÅS